



Sponsorer: Sport 1 Sportsbui, Luster Energiverk, Joker Luster, Fargerike Øvrebø

Årsmelding 2017 For Luster Idrettslag

Årsmelding for styret.

styret i 201 har bestått av:

| | |
|-------------|-----------------------|
| Leiar | Svein Tore Heltne |
| Nestleiar | Inge Magne Otterhjell |
| Kasserar | Monica Furås |
| Sekretær | Trond Helge Eide |
| Styremedlem | Kjetil Alme |
| 1.vara | Jakob Eikenes |
| 2.vara | Leif Johan Vigdal |

I løpet av perioden har styret hatt 3 møte, samt korrespondanse på mail, og tre møter med leiar og kasserar.

Luster Idrettslag hadde ved årsskiftet 201 medlemmar.

Representasjon: Svein Tore representera Luster Idrettslag i Luster Idrettsråd.

Den største inntektskjelda vår kjem frå offentlege tilskot frå Luster Kommune, me vil derfor takke for støtta frå kommunen og for godt samarbeid i året som har gått.

Idrettslaget får og tilskot gjennom LAM midlar(lokal aktivitetmidler), som kjem frå idrettsforbundet.

Me teikna i 2014 ny fireårs sponsorkontrakt med vår hovudsponsor:

Adresse:
Luster Idrettslag
Lustravegen 3250
6872 Luster

Kontakt:
Mail: leiar@lusteril.no
Tlf: 99539746

Kontonr: 3785 20 03619
Org.nr. 990149224



Sponsorer: Sport 1 Sportsbui, Luster Energiverk, Joker Luster, Fargerike Øvrebø

Luster Sparebank, noko som gjev laget ei inntekt på kr 112 000 over fire år.

Luster Energiverk, Fargerike Øvrebø, og Joker Luster er sponsorar som har støtta oss i 2017, som dei no har gjort gjennom fleire år. Me har og fått bidrag frå Sportsbui, og Luster Kommune i forbindelse med Lustraløpet.

Sportsbui og Luster Idrettslag har og ein avtale som gjev våre medlemmer 15 % på aller varer til ordinærpris , og som gjev idrettslaget 25% på våre kjøp. Me i Luster Idrettslag vil seia ein stor takk til alle sponsorar og andre som har støtta oss i 2017

Styret vil takka alle tillitsvalde og trenarar for innsatsen i 2017.

Me vil og rette ein takk til Luster Kommune for godt samarbeid .

Styret :

Svein Tore Heltne, Inge Magne Otterhjell ,Monica Furås, Trond Helge Eide , og Kjetil Alme

.

Bygg , anlegg, vedlikehald

- Skiløypa
 - Rydda trase med beitepussar
 - Skogrydding
 - Vedlikehald, skifte av lyspærer osv.
 - Løypekøyning tre dagar i veka vinteren 17/18
 - Vedlikehald av trakkemaskin
- Ballbana
 - Kjøpt og montert små mål 3x2m
 - Montert nye volleyballstolper ,nytt nett.
 - Slådding, generelt vedlikehald, bosstømming,
 - Starta grunnarbeid i forhold til å bygge trapp ved klubbhuset.



Sponsorer: Sport 1 Sportsbui, Luster Energiverk, Joker Luster, Fargerike Øvrebø

Årsmelding barneidrettsgruppa LIL for 2017

Gruppa sine medlemmar: Odd Johan Vigdal - leiar
Monica Sognnes

Else Marie Straumstein (ut frå våren)

Gunnar Orrestad (ut frå våren)

Trond Helge Eide - fotball

Svein Tore Heltne – fotball

Gøril Elsebè Urdahl (småbarns-idrett)

Nye medlemmar i gruppa: Inge Magne Otterhjell

(frå haustaktivitetane) Heidi Alme

Nina/Per Arve Holen



Sponsorer: Sport 1 Sportsbui, Luster Energiverk, Joker Luster, Fargerike Øvrebø

ÅRSHJUL:



Adresse:
Luster Idrettslag
Lustravegen 3250
6872 Luster

Kontakt:
Mail: leiar@lusteril.no
Tlf: 99539746

Kontonr: 3785 20 03619
Org.nr. 990149224



Sponsorer: Sport 1 Sportsbui, Luster Energiverk, Joker Luster, Fargerike Øvrebø

Ski:

Vinteren 2017: Me hadde **skikarusell** med open kiosk måndagane 16.01.-27.02., kl. 18:00-20:00. I tillegg kunne folk gå til andre tider og skrive seg opp sjølve, slik som tidlegare år.

Denne sesongen byrja me med gratis deltaking på skikarusellen. Førre året var det 23 betalande deltakarar i alderen 3-13. I år har det vore 49 påmelde deltakarar.

Lags- og Merkjerenn vart arrangert mån. 6.mars kl. 19.

Skisportens dag vart arrangert søn. 12. mars frå kl. 13. I tillegg til «vanleg» skikarusell hadde me også i år natursti-postar rundt løypa, ulike ski-leikar ved startområdet, gratis pølse m/brød for born, og premieutdeling. Godt oppmøte!

Sal-aktivitetar: Grunna lang skisesong hadde me kun 2 kveldar med aktivitetar i salen denne vinteren, fordelt på to puljer, 13. og 20.mars.

Aktivitetane var ulike ballspel og hinderløype.

Fotball:

Treningar ute for alle elevane 5/6-10 år. Også dette året samarbeida me med IL Fanaråk..

Tal ungar som har delteke på fotballtreningane er rundt 25 ungar alderen 6-10 år frå Luster IL.

Me la opp til trening annakvar gong Luster og Skjolden. Trenarar som har hatt ansvar frå Luster IL er Trond Helge Eide, Svein Tore Heltne, Charlotte Bringe.

Me har delteke på 4 turneringar, på Kaupanger, i Gaupne, og i Sogndal x 2.

Avslutta sesongen 23.september med juice og bollar.



Sponsorer: Sport 1 Sportsbui, Luster Energiverk, Joker Luster, Fargerike Øvrebø

Idrettsskolen: Friidrett ute på grusbana starta opp 02.okt og heldt som vanleg på i 4 måndagskveldar; t.o.m. 30.okt.

Dei aller fleste elevane i 1.-7.kl. deltok 2 eller fleire kveldar.

Aktivitetar har vore 60m, 60m hekk, lengdehopp (inn i sandvolleyballbana), kast liten ball, spydkast, og høgdehopp i ballbingen.

Premieutdeling til alle som deltok 2 eller fleire gonger.

Symjing: Symjing på Fjordstova/Skjolden starta opp måndag etter siste friidrettskveld, 6.november, og heldt fram tom. 27.nov.

Me avslutta året med julebrus, peparkaker og bollar, samt merkjeutdeling til dei som gjennomførte ulike krav for dykking, flyting, symjing av ulike distansar, osv.

Tumling: for dei i barnehage alder vart arrangert inneaktivitet/salakriviteter vinter og vår 2017. Treinar var Gørli Urdahl.

Til slutt vil me i barneidrettsgruppa få takka alle som har vore med og hjelpt til på aktivitetane i 2017; alt i frå brøyting, sanding, løypekøyting, baking, tidtaking, friidrett, fotball.....

Me ser fram til eit nytt år med mykje aktivitet, leik og moro! ☺

For barneidrettsgruppa;

Luster 12.02.18

Monica Sognnes

Adresse:
Luster Idrettslag
Lustravegen 3250
6872 Luster

Kontakt:
Mail: leiar@lusteril.no
Tlf: 99539746

Kontonr: 3785 20 03619
Org.nr. 990149224



Sponsorer: Sport 1 Sportsbui, Luster Energiverk, Joker Luster, Fargerike Øvrebø

Anna aktivitet:

- Step/Styrke: vert arr. Tysdagskveldar, deltaking frå 10-20 i ulik alder.
- Volleyball: vert arr. Torsdagskveldar i periodar. Har slitt med varierende interesse , men er i gang at pr. no.

Lustraløpet 2017

- Årets Lustraløp vart det største i løpet av dei 31 åre me har arrangert dette. Til saman var det 242 trimmarar og 52 aktive.
- Løp nr. 31.
- Nye langtidspremier. Ferdigtrykte akvareller for åra 5/10/15/og 20 års deltaking.
- For 25/30 års deltaking brukte me olje/akrylmaleri.
- Malte heller til klassevinnarane som før.
- Bra med publikum, god stemning, godt sal, kjempeinnsats av frivillege, mosjonistar , og deltakarar oppsummerer årets løp.
- Løypa vart kontrollmålt i påska for å sikre at den er korrekt.
- Nemnda fungerer godt. Arbeidsoppgåver er innarbeidde.

Årsrapport 2017 – Geir Steig

Sesongen starta bra med seier i Kringsjåløpet her på Lillehammer. Dette er eit løp eg har vunne to år på rad, og som har ein solid gjeng til start, over 300. Eg følte meg ikkje bra dan dagen, men klarte å finne fram litt krefter til å ta heim

Adresse:
Luster Idrettslag
Lustravegen 3250
6872 Luster

Kontakt:
Mail: leiar@lusteril.no
Tlf: 99539746

Kontonr: 3785 20 03619
Org.nr. 990149224



Sponsorer: Sport 1 Sportsbui, Luster Energiverk, Joker Luster, Fargerike Øvrebø

sigeren. Den tunge følelsen har egentleg vore i kroppen i heile sommar, men det har fungert brukbart i flate løyper.

Motbakkesesongen starta for alvor i Mai, der eg stilte opp i totalt 6 konkurransar, der 3 av dei var motbakkeløp. Høgdepunktet i denne elles dårlige sesongen kom 25 Mai der eg tok sigeren i Storehaugen opp i Lærdal. Vidare i sesongen fikk eg nokre middels løp, men ikkje godt nok i forhold til ambisjonane.

Når eg kom tilbake til Lillehammer etter sommarferien, begynte eg å gå til fysioterapeut. Etter første time der begynte eg å få tru på at han kunne fiksa meg, men det viste seg å ikkje vera godt nok. Eg fikk anbefaling av ei dame å prøve naprapat, ho hadde opplevd mykje same greiene som meg. Når eg kom til Cato på naprapatklinikken, spurte han meg korleis eg hadde klart å få so stive musklar/sener. Han hadde aldri opplevd liknande! Eg var til behandling 1 gong i veka første månaden, og litt lenger mellom kvar gong etter kvart. Både eg og han merka framskritt, og per dags dato føler eg meg betre enn eg nokon gong har gjort. So dette kan bli ein bra sesong for meg.

Målsetting 2018:

Ha lyst å kjempa om ein topp 5 plassering i NM, men alt må fungera. Ellers ha eg tenkt å vera me på norgescup i år, og kjempa om ein pallplass der. Vist eg imponerar friidrettsforbundet på Norgescupløpa, kan eg bli vurdert i større mesterskap. So har eg lyst å komma under 50 min på Molden opp, og under timen på Fanaråken.



Luster Idrettslag www.lusteril.no

Luster Sparebank 
Generalsponsor

Sponsorer: Sport 1 Sportsbui, Luster Energiverk, Joker Luster, Fargerike Øvrebø

Adresse:
Luster Idrettslag
Lustravegen 3250
6872 Luster

Kontakt:
Mail: leiar@lusteril.no
Tlf: 99539746

Kontonr: 3785 20 03619
Org.nr. 990149224